2.6. Fagskolen i Kristiansund	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
2.7. Fagskolen i Troms av. Nord-Troms videregående skole	-	-	Nettbasert	6	-	-	-
2.8. Fagskolen i Vestfold	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
2.9. Fagskolen i Østfold	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
2.10. Fagskolen Innlandet	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
2.11. Fagskolen Oslo Akershus	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
2.12. Fagskolen Telemark	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
2.13. Fagskolen Troms, avdeling Tromsø	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
2.14. Folkeuniversitetets helsefagskole	-	2,00	Nettbasert	4	-	27 750	27 750
2.15. Hordaland helsefagskole	52,00	69,00	Stedsbasert	4	1 042 600	1 383 450	2 426 050
2.16. Høyskolen Kristiania - fagskolestudier	19,00	9,00	Nettbasert	4	263 625	124 875	388 500
2.17. Lukas fagskole og kurscenter	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
2.18. NKI AS	27,00	25,00	Nettbasert	4	374 625	346 875	721 500
2.19. Nordland fagskole i helse-og sosialfag	-	36	Nettbasert	4	-	-	-

2.20. Norges Yrkesakademi	8,00	14,00	Nettbasert	4	111 000	194 250	305 250
2.21. Stavanger offshore tekniske skole	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
2.22. RKK	6,00	10,00	Nettbasert	4	83 250	138 750	222 000
2.23. Sørlandets fagskole	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
Sum :	216,00	230,00			3 960 300	4 241 000	8 201 300
Tilskudd tildelt i 2017:							8 166 000,00
Overført fra året før :							303 575,00
Sum (tilskuddsmidler 2017) :							8 469 575,00
Mindreforbruk:							268 275,00
Mindreforbruk, ønskes overført til neste år:	Ja						
Mindreforbruk, tilbakebetales til Helsedir:							

2.1. AOF

Navn på tilbud	Revisorkontrollert studenttall for tilskudd		Presisering		Tilskudd		
	01.03.2017	01.10.2017	Sats	semesterber egning	01.03.2017	01.10.2017	SUM
Administrasjon / IKT-rettede utdanninger	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
Barsel- og barnepleie	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
Demensomsorg og alderspsykiatri	19,00	16,00	Stedsbasert	4	380 950	320 800	701 750
Ernæring	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
Fysisk aktivitet og miljøarbeid	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
Helse, aldring og aktiv omsorg (Eldreomsorg)	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
Kreftomsorg og lindrende pleie	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
Livsstils- og kroniske sykdommer	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
Miljøarbeid funksjonsnedsettelse	33,00	36,00	Stedsbasert	4	661 650	721 800	1 383 450
Miljøarbeid innen rus / annen utdanning innen rus	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
Nevrologiske skader og sykdommer	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
Psykisk helsearbeid og rusarbeid (Psykisk helsearbeid)	43,00	43,00	Stedsbasert	4	862 150	862 150	1 724 300
Rehabilitering	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
Smittevern og sterilforsyning (Spesialrenhold)	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
Tverrfaglig miljøarbeid	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
Veiledning	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
Velferdsteknologi	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
SUM:	95,00	95,00			1 904 750,00	1 904 750,00	3 809 500,00
Ingen merknader fra stikkprøvekontroll (kryss av)	X						
Merknader fra stikkprøvekontroll (kryss av)							

Navn på tilbud	Revisorkontrollert studenttall for tilskudd		Presisering		Tilskudd		
	01.03.2017	01.10.2017	Sats	semesterber egning	01.03.2017	01.10.2017	SUM
Demensomsorg og alderspsykiatri	6	4	Stedsbasert	4	120 300	80 200	200 500
Utviklingshemming og aldring	3	2	Stedsbasert	4	60 150	40 100	100 250
SUM:	9	6			180 450	120 300	300 750
Ingen merknader fra stikkprøvekontroll (kryss av)	X						
Merknader fra stikkprøvekontroll (kryss av)							

2.14. Folkeuniversitetets helsefagskole

Navn på tilbud	Revisorkontrollert		Presisering		Tilskudd		
	01.03.2017	01.10.2017	Sats	semesterber egning	01.03.2017	01.10.2017	SUM
Administrasjon / IKT-rettede utdanninger	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
Barsel- og barnepleie	-	2,00	Nettbasert	4	-	27 750	27 750
Demensomsorg og alderspsykiatri	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
Ernæring	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
Fysisk aktivitet og miljøarbeid	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
Helse, aldring og aktiv omsorg (Eldreomsorg)	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
Kreftomsorg og lindrende pleie	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
Livsstils- og kroniske sykdommer	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
Miljøarbeid funksjonsnedsettelse	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
Miljøarbeid innen rus / annen utdanning innen rus	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
Nevrologiske skader og sykdommer	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
Psykisk helsearbeid og rusarbeid (Psykisk helsearbeid)	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
Rehabilitering	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
Smittevern og sterilforsyning (Spesialrenhold)	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
Tverrfaglig miljøarbeid	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
Veiledning	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
Velferdsteknologi	-	-	Stedsbasert	4	-	-	-
SUM:	-	2,00			-	27 750,00	27 750,00
Ingen merknader fra stikkprøvekontroll (kryss av)	X						
Merknader fra stikkprøvekontroll (kryss av)							

2.15. Hordaland helsefagskole

Navn på tilbud	Revisorkontrollert		Presisering		Tilskudd		
	01.03.2017	01.10.2017	Sats	semesterber egning	01.03.2017	01.10.2017	SUM

Administrasjon / IKT-rettede utdanninger	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Barsel- og barnepleie	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Demensomsorg og alderspsykiatri	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Ernæring	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Fysisk aktivitet og miljøarbeid	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Helse, aldring og aktiv omsorg (Eldreomsorg)	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Kreftomsorg og lindrende pleie	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Livsstils- og kroniske sykdommer	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Miljøarbeid funksjonsnedsettelse	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Miljøarbeid innen rus / annen utdanning innen rus	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Nevrologiske skader og sykdommer	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Psykisk helsearbeid og rusarbeid (Psykisk helsearbeid)	22,00	42,00	Stedsbasert	4	441 100	842 100	1 283 200
Rehabilitering	12,00	10,00	Stedsbasert	4	240 600	200 500	441 100
Smittevern og sterilforsyning (Spesialrenhold)	18,00	17,00	Stedsbasert	4	360 900	340 850	701 750
Tverrfaglig miljøarbeid	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Veiledning	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Velferdsteknologi	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
SUM:	52,00	69,00			1 042 600,00	1 383 450,00	2 426 050,00
Ingen merknader fra stikkprøvekontroll (kryss av)	X						
Merknader fra stikkprøvekontroll (kryss av)							

2.16. Høgskolen Kristiania - fagskolestudier (det nye navnet på NKS Nettstudier)

Navn på tilbud	Revisorkontrollert		Predisering		Tilskudd		
	01.03.2017	01.10.2017	Sats	semesterberegning	01.03.2017	01.10.2017	SUM
Administrasjon / IKT-rettede utdanninger	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Barsel- og barnepleie	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Demensomsorg og alderspsykiatri	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Ernæring	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Fysisk aktivitet og miljøarbeid	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Helse, aldring og aktiv omsorg (Eldreomsorg)	9,00	4,00	Nettbasert	4	124 875	55 500	180 375
Kreftomsorg og lindrende pleie	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Livsstils- og kroniske sykdommer	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Miljøarbeid funksjonsnedsettelse	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Miljøarbeid innen rus / annen utdanning innen rus	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Nevrologiske skader og sykdommer	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Psykisk helsearbeid og rusarbeid (Psykisk helsearbeid)	10,00	5,00	Nettbasert	4	138 750	69 375	208 125
Rehabilitering	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Smittevern og sterilforsyning (Spesialrenhold)	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Tverrfaglig miljøarbeid	-	-	Nettbasert	4	-	-	-

Veiledning	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Velferdsteknologi	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
SUM:	19,00	9,00			263 625,00	124 875,00	388 500,00
Ingen merknader fra stikkprøvekontroll (kryss av)	X						
Merknader fra stikkprøvekontroll (kryss av)							

2.18. NKI

Navn på tilbud	Revisorkontrollert		Predisering		Tilskudd		
	01.03.2017	01.10.2017	Sats	semesterber egning	01.03.2017	01.10.2017	SUM
Administrasjon / IKT-rettede utdanninger	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Barsel- og barnepleie	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Demensomsorg og alderspsykiatri	7,00	3,00	Nettbasert	4	97 125	41 625	138 750
Ernæring	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Fysisk aktivitet og miljøarbeid	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Helse, aldring og aktiv omsorg (Eldreomsorg)	2,00	3,00	Nettbasert	4	27 750	41 625	69 375
Kreftomsorg og lindrende pleie	2,00	8,00	Nettbasert	4	27 750	111 000	138 750
Livsstils- og kroniske sykdommer	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Miljøarbeid funksjonsnedsettelse	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Miljøarbeid innen rus / annen utdanning innen rus	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Nevrologiske skader og sykdommer	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Psykisk helsearbeid og rusarbeid (Psykisk helsearbeid)	8,00	3,00	Nettbasert	4	111 000	41 625	152 625
Rehabilitering	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Smittevern og sterilforsyning (Spesialrenhold)	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Tverrfaglig miljøarbeid	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Migrasjonshelse	3,00	2,00	Nettbasert	4	41 625	27 750	69 375
Velferdsteknologi	5,00	6,00	Nettbasert	4	69 375	83 250	152 625
SUM:	27,00	25,00			374 625,00	346 875,00	721 500,00
Ingen merknader fra stikkprøvekontroll (kryss av)	X						
Merknader fra stikkprøvekontroll (kryss av)							

2.20. Norges Yrkesakademi

Navn på tilbud	Revisorkontrollert		Predisering		Tilskudd		
	01.03.2017	01.10.2017	Sats	semesterber egning	01.03.2017	01.10.2017	SUM
Administrativ koordinator	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Advokatsekretær - juridisk kontormedarbeider	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Arbeid med språk, flerspråklighet og flerkulturell kompetanse i	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Barn med særskilte behov	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Digital markedsføring	-	40	Nettbasert	4	-	-	-

Helse, aldring og aktiv omsorg	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Helseadministrasjonssekretær	2,00	7,00	Nettbasert	4	27 750	97 125	124 875
Helsekoordinator	6,00	7,00	Nettbasert	4	83 250	97 125	180 375
IT-økonom	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Kontormedarbeider	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Lønnsmedarbeider	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Regnskapsmedarbeider	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Skoleadministrasjonssekretær	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
SUM:	8,00	14,00			111 000,00	194 250,00	305 250,00
Ingen merknader fra stikkprøvekontroll (kryss av)	X						
Merknader fra stikkprøvekontroll (kryss av)							

2.22. RKK (Rogaland Kurs og Kompetansesenter)

Navn på tilbud	Revisorkontrollert		Predisering		Tilskudd		
	01.03.2017	01.10.2017	Sats	semesterberegning	01.03.2017	01.10.2017	SUM
Administrasjon / IKT-rettete utdanninger	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Barsel- og barnepleie	6,00	10,00	Nettbasert	4	83 250	138 750	222 000
Demensomsorg og alderspsykiatri	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Ernæring	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Fysisk aktivitet og miljøarbeid	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Helse, aldring og aktiv omsorg (Eldreomsorg)	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Kreftomsorg og lindrende pleie	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Livsstils- og kroniske sykdommer	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Miljøarbeid funksjonsnedsettelse	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Miljøarbeid innen rus / annen utdanning innen rus	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Nevrologiske skader og sykdommer	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Psykisk helsearbeid og rusarbeid (Psykisk helsearbeid)	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Rehabilitering	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Smittevern og sterilforsyning (Spesialrenhold)	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Tverrfaglig miljøarbeid	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Veiledning	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
Velferdsteknologi	-	-	Nettbasert	4	-	-	-
SUM:	6,00	10,00			83 250,00	138 750,00	222 000,00
Ingen merknader fra stikkprøvekontroll (kryss av)	X						
Merknader fra stikkprøvekontroll (kryss av)							

3. Rapport på måloppnåelse (kan sendes som eget vedlegg)

Sjå brev med rapport om måloppnåing.





Arkivnr: 2018/3431-4
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		17.04.2018

Tilskotsordning for fagskular og fordeling av tilskot hausten 2018

Samandrag

Fylkesrådmannen har i sak PS 19/2018, handsama i fylkestinget 06.03.18, gjort greie for ny tilskotsordning for fagskuleutdanning som er gjeldande frå og med budsjettåret 2018. Med bakgrunn i dei tidlegare finansieringskjeldene til fagskuleutdanning har KD vidareført rammene frå 2017 og fordelt ut 80 % av tilskotet til fylkeskommunane som ei grunnfinansiering basert på den aktiviteten fylkeskommunane hadde i 2017. Vidare er 20 % av tilskotet gjeve som eit resultatbasert tilskot som er rekna ut frå poengproduksjonen til dei fagskulane i Hordaland som får offentleg finansiering. Det resultatbaserte tilskotet vert frå 2019 gitt frå KD gjennom ei open ramme.

KD legg føringar for fylkeskommunane i den nye tilskotsordninga ved å sette konkrete mål for sektoren som fylkeskommunane må arbeide for å oppnå. KD legg som nemnt vekt på at tilskotsordninga skal vere føreseieleg for fagskulane, men også at den skal bidra til stabilitet ved å vidareføre aktivitetsnivået ved fagskuletilbodet i fylka. Spesielt i 2018 er det ikkje ønskeleg med store endringar for fagskulane i høve til dimensjonering av tilboda. For å bidra til å dekkje framtidig kompetansebehov vart det løyvd 31,6 mill. over statsbudsjettet i 2018 til 638 nye studieplassar. Hordaland fylkeskommune har søkt om til saman 96,75 nye heiltidsekvivalente studieplassar hausten 2018.

Av di det no ikkje vert skilt mellom helsefag og andre fagområde i tilskotsordninga, vil fylkesrådmannen tilrå at helsefagskuletilboda ved Fagskolen i Hordaland vert finansiert over fylkesbudsjettet saman med fagskulen sine andre tilbod frå og med 2019. Med den nye tilskotsordninga er det ikkje lenger naturleg å ha ei eiga ordning for helsefag ved ein fylkeskommunal fagskule som får det øvre tilskotet over fylkesbudsjettet.

Forum for fylkesutdanningssjefar (FFU) har i møte 08.03.18 handsama sak om tilråding til korleis fylkeskommunane kan innrette tilskotsordninga i høve til vidare fordeling til offentlege og private fagskular. Bakgrunnen for dette er at det er ønskeleg med ei nokolunde lik tilskotsforvaltning på tvers av fylkeskommunane, spesielt i høve til private og ideelle fagskular. Kort summert baserer forslaget seg på grunn- og resultatbasert tilskot, stykkprisfinansiering og differensierte satsar for stadbaserte tilbod og reine nettbaserte tilbod.

Økonomi: Tilskotet er ei øyremarka inntekt til fagskuleutdanning over statsbudsjettet i 2018.

Klima: Ingen kjent effekt.

Folkehelse: Tilskot til fagskuleutdanning innan helse- og sosialfag skal gje helsefagarbeidarar tilgang til kompetanseheving og spesialisering med fagskuleutdanning. Dette er i tråd med samhandlingsreformen.

Regional planstrategi: Fordeling av tilskot til fagskuleutdanning i Hordaland er i tråd med Regional plan for kompetanse og arbeidskraft om å tilby fagskuleutdanning i høve til regionen sitt kompetansebehov.

Forslag til vedtak

1. Følgjande prinsipp for tilskotsordning for fagskuleutdanning i Hordaland vert vedteke:
 - Finansieringa vert gitt med eit grunntilskot (80 %) og eit resultatbasert tilskot (20 %)
 - Lik sats for like tilbod uavhengig av om fagskulen er offentleg eller privat
 - Tilboda skal vere stykkprisfinansiert, men i det praktiske arbeidet vil ein operere med grupper. Det vil seie at dersom ein t.d. gir tilskot til 15 studentar, så vert dette vidareført for denne gruppa i minst eitt år.
 - 2 satsar: 1 for stadbasert og nettbasert med fysiske samlingar, og 1 for reine nettbaserte tilbod
 - Det blir gitt 80/20 finansiering for **nye** studentar hausten 2018.
 - I 2019 vil tilbydarane få resultatbasert tilskot basert på studiepoengeiningar (60 stp) produsert i 2017.
 - Studentane vert talt éin gang i året – studenttallet per 1. oktober kan danne grunnlaget for tilskot kvart år.

2. Følgjande satsar vert vedteke for fagskuleutdanning i helse- og sosialfag:
 - Stadbasert – 81 000,-
 - o 80 % - 64 800,-
 - o 20 % - 16 200,-
 - Nettbasert – 56 000,-
 - o 80 % - 44 800,-
 - o 20 % - 11 200,-

3. I 2018 vert tilbod som er starta opp under tidlegare tilskotsordning vidareført med same satsar og reglar som før.

4. Fordeling av tilskot for fagskuleutdanning innan helse- og sosialfag hausten 2018 vert vedteke som følgjer:

Tilskot til fagskuleutdanning innan helsefag hausten 2018				Nye grupper		Totalt tal	
Fagskule	Utdanningstilbod	Omfang	Søkjartal	H-18	grupper V-19	Studiestad	Kostnad H-18
AOF Hordaland - Sogn og Fjordane							
	Ernæring i pleie og omsorgstjenester	30	25	0	0	Bergen	-
	Demensomsorg	30	13	1	1	Bergen	324 000
	Psykisk helsearbeid	60	26	1	2	Bergen	324 000
	Miljøarbeid i teneste for mennesker med utviklingshemming	60	19	0	0	Bergen	-
	Miljøarbeid i teneste for mennesker med utviklingshemming	60	29	1	2	Stord	324 000
Fagskolen i Hordaland							
	Psykisk helsearbeid og rusarbeid	60	16	1	2	Bergen	324 000
	Rehabilitering	60	8	1	1	Bergen	324 000
	Spesialreinahld og sterilforsyning	60		0	1	Bergen	-
Folkeuniversitetet Øst							
	Psykiske lidelser og aldring hos personer med utviklingshemming	60	5	0	0	Bergen	-
	Rehabilitering	60	1	0	0	Bergen	-
Fagskolen aldring og helse							
	Demensomsorg og alderspsykiatri	60	32	0	0	Bergen	-
	Utviklingshemming og aldring	60		0	0	Tønsberg	-
	Demensomsorg og alderspsykiatri	60		0	0	Tønsberg	-
Sum				5	9		1 620 000

5. Administrasjonen vert gjeve mynde til å fordele eventuelle nye studieplassar etter søknad til Kunnskapsdepartementet når svar ligg føre.

6. Tilskot til fagskuleutdanning innan helse- og sosialfag ved Fagskolen i Hordaland vert gjeve over fylkesbudsjettet frå om med 2019.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 13.03.2018

I denne saka vert det gjort kort greie for den nye tilskotsordninga for fagskuleutdanning i høve til fordelinga frå Kunnskapsdepartementet (KD) til fylkeskommunane, deretter vert det føreslått korleis Hordaland fylkeskommune skal forvalte tilskotet vidare til offentlege og private/ideelle fagskular. Til slutt vert det vist og gjort greie for forslag til fordeling av tilskot til fagskuleutdanning innan helse- og sosialfag hausten 2018. Det er beklageleg at sak om prinsipp for tildeling av tilskot og fordeling av tilskot vert lagt fram i same sak, men det har ikkje vore råd å gje ei tilråding før no. Det har vore gjort eit omfattande arbeid med å gjere greie for den budsjettmessige omlegginga av finansieringa til fagskulesektoren saman med KD og dei andre fylkeskommunane, samtidig som ein har arbeidd med felles prinsipp for tildeling av tilskot for fylkeskommunane. Det er også viktig å OPHE allereie i utvalsmøtet 17. april handsamar sak om fordeling av tilskot til nye tilbod hausten 2018 slik at fagskulane ikkje må vente heilt til utvalsmøtet 15. mai 2018 før dei veit kva tilbod dei kan starte opp.

Ny tilskotsordning for fagskuleutdanning

Fylkesrådmannen har i sak PS 19/2018, handsama i fylkestinget 06.03.18, gjort greie for ny tilskotsordning for fagskuleutdanning som er gjeldande frå og med budsjettåret 2018. Dei tidlegare finansieringskjeldene til fagskuleutdanning er no slått saman til éin tilskotsordning og vert gitt over statsbudsjettet under KD. Dei tidlegare finansieringskjeldane var som følgjer:

- Midlar til rammetilskot til fylkeskommunane over Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) sitt budsjett.
- Midlar til fylkeskommunane til helse- og sosialfaglege fagskuleutdanningar over Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) sitt budsjett, som var forvalta av Helsedirektoratet.
- Tilskot til 14 private fagskular over Kunnskapsdepartementet (KD) sitt budsjett.

Med bakgrunn i dei tidlegare finansieringskjeldene har KD vidareført rammene frå 2017 og fordelt ut 80 % av tilskotet til fylkeskommunane som ei grunnfinansiering basert på den aktiviteten fylkeskommunane hadde i 2017. Vidare er 20 % av tilskotet gjeve som eit resultatbasert tilskot som er rekna ut frå poengproduksjonen til dei fagskulane i Hordaland som får offentleg finansiering. Det resultatbaserte tilskotet vert gitt frå KD gjennom ei open ramme.

Den nye finansieringsordninga skal bidra til at fylkeskommunane og fagskulane opplever at finansieringa er føreseieleg. KD legg føringar for fylkeskommunane i den nye tilskotsordninga ved å sette konkrete mål for sektoren som fylkeskommunane må arbeide for å oppnå. KD legg også vekt på at tilskotsordninga bidrar til stabilitet for fagskulane ved å vidareføre aktivitetsnivået i tilbodet i fylka. Spesielt i 2018 er det ikkje ønskjeleg med store endringar for fagskulane i høve til dimensjonering av tilboda. Vidare er tilskotet til fylkeskommunane øyremerka til fagskuleutdanning og kan ikkje nyttast til andre føremål. Det er mogleg å nytte noko av midlane i tilskotsordninga til administrasjon, men dette er ikkje aktuelt for Hordaland fylkeskommune på noverande tidspunkt, fordi fylkeskommunen sjølv finansierer sektoren med om lag 12 mill. Utover dette legg ikkje KD føringar for korleis fylkeskommunane innrettar tilskotsmodellen for vidare fordeling til fagskulane. KD vil følgje opp fylkeskommunane gjennom årleg rapportering av måloppnåing og aktivitet i fylket. Til dømes vil KD kunne gjere endringar i grunntilskotet til ein fylkeskommune dersom aktiviteten vert lågare over tid. Variasjon frå eitt år til eit anna vil ikkje føre til lågare grunntilskot. Det resultatbaserte tilskotet vert rekna ut frå poengproduksjonen to år før det aktuelle budsjettåret tilskotet vert gjeve. Det vil seie at det resultatbaserte tilskotet i 2019 er rekna ut frå poengproduksjonen i 2017.

For å bidra til å dekkje framtidig kompetansebehov vart det i 2018 løyvd 31,6 mill. over statsbudsjettet til 638 nye studieplassar. Hordaland fylkeskommune har søkt om til saman 96,75 nye heiltidsekvivalente studieplassar hausten 2018 som vist i tabell 1 under.

Tabell 1. Oversyn over tilbud og studenttal det er søkt KD om tilskot for

Fagskule	Utdanningstilbod	Tal studieplassar og omfang	Tal heiltid/deltid	Tall studieplassar i heiltidsekvivalentar
Fagskolen i Hordaland	CNC og robotteknologi	30 studieplassar à 120 fp	30 heiltid	30
Fagskolen Aldring og helse	Demensomsorg og alderspsykiatri	25 studieplassar à 60 fp	25 deltid	12,5
AOF Hordaland – Sogn og Fjordane	Ernæring i pleie og omsorgstjenester	20 studieplassar à 30 fp	20 deltid	10
Fagskolen i Hordaland	Lokal matkultur	25 studieplassar à 120	25 deltid (0,67)	16,75
Fagskolen i Hordaland	Klassisk bygningshandverk	20 studieplassar à 60 fp	20 deltid	10
Folkeuniversitetet Øst	Psykiske lidelser og aldring hos personer med utviklingshemming	20 studieplassar à 60 fp	20 deltid	10
AOF Hordaland – Sogn og Fjordane	Kontor-, salg og serviceledelse	15 studieplassar à 60	15 deltid	7,5
Sum			155	96,75

Tabellen syner kor mange nye studieplassar Hordaland fylkeskommune har søkt om for 2018, samt kva tilbud og fagskule det er søkt til. Tilboda er lagt inn i tabellen etter prioritet, der det øvste tilbodet har høgast prioritet og så vidare nedover.

Dersom Hordaland fylkeskommune får 96,75 nye studieplassar hausten 2018, vil dette verte dobla i 2019. Årsaka til dette er at studieplassane er gjeve for toårige tilbod som skal starte opp kvart år, og vert å rekne som ein permanent auke i grunntilskotet. KD er ikkje ferdig å handsame søknadene på dette tidspunktet, men det er venta svar før påske. På bakgrunn av dette vil fylkesrådmannen tilrå at administrasjonen vert gjeve mynde til å fordele eventuelle nye studieplassar når svar ligg føre, slik at dette kan verte gjort så raskt som mogleg. Tildelinga er tenkt å basere seg på dei prioriteringane som er gjort i søknaden, men når tilskotet skal fordelast må administrasjonen innhente informasjon om søkjartal.

I høve til å fordele tilskot vidare til private og ideelle fagskular er det ikkje lenger slik at midlar er øyremarka til eitt fagområde. KD vil prioritere tekniske og helsefaglege utdanningar i søknadene om nye studieplassar i 2018, men utover det er det fullt mogleg å gje tilskot til andre tilbod. Av di det no ikkje vert skilt mellom helsefag og andre fagområde i tilskotsordninga, vil fylkesrådmannen tilrå at helsefagskuletilboda ved Fagskolen i Hordaland vert finansiert over fylkesbudsjettet saman med fagskulen sine andre tilbod frå og med 2019. Med den nye tilskotsordninga er det ikkje lenger naturleg å ha ei eiga ordning for helsefag ved ein fylkeskommunal fagskule som får det øvre tilskotet over fylkesbudsjettet. Dette betyr ikkje at Fagskolen i Hordaland skal ha andre føresetnader enn dei private fagskulane med tilsvarande tilbod i høve til sats for helsefagskuletilbodet eller krav til rapportering og måloppfølging. Som konsekvens av denne tilrådinga vil den delen av midlane som vert fordelt til Fagskolen i Hordaland, verte trekt ut av den ramma som er søknadsbasert i Hordaland i 2019. Dersom Fagskolen i Hordaland ikkje opprettheld aktiviteten ved helsefaga, er det mogleg å trekkje dette tilbake i seinare budsjettprosessar.

Tilråding frå Forum for fylkesutdanningsjefar (FFU)

FFU har i møte 08.03.18 handsama sak om tilråding til korleis fylkeskommunane kan innrette tilskotsordninga i høve til vidare fordeling til offentlege og private fagskular. Bakgrunnen for dette er at det er ønskeleg med ei nokolunde lik tilskotsforvaltning på tvers av fylkeskommunane, spesielt i høve til private og ideelle fagskular. Nokre av dei private og ideelle fagskulane har studiestader i fleire fylkeskommunar, og vil kunne søkje om tilskot frå meir enn éin fylkeskommune.

Det er FFU si kompetansegruppe for fagskuleforvaltning som har utarbeidd saka, og på bakgrunn av den har FFU gjort følgjande tilråding:

Tilråding til ny tilskotsordning frå 2018

- Det skal vere lik sats for like tilbod uavhengig av fagskulen si tilhøyrslse (offentleg/privat)
- Tilboda skal vere stykkprisfinansiert.
- 2 satsar: 1 for stadbasert og nettbasert med fysiske samlingar, og 1 for reine nettbaserte tilbod
- Det blir gitt 80/20 finansiering for **nye** studentar hausten 2018.
- I 2019 vil tilbydarane få resultatbasert tilskot basert på studiepoengeiningar (60 stp) produsert i 2017.
- Studentane vert talt éin gang i året – studenttallet per 1. oktober kan danne grunnlaget for tilskot kvart år.

Spesielt for helsefag

- Følgjande satsar vert nytta:
 - o Stadbasert – 81 000,-
 - 80 % - 64 800,-
 - 20 % - 16 200,-
 - o Nettbasert – 56 000,-
 - 80 % - 44 800,-
 - 20 % - 11 200,-
- Satsane er basert på Helsedirektoratets tidlegare satsar, og justert med 1 %. Årsaka til den lave prisveksten er at KD berre har gitt 0,9 % prisvekst i ramma som er overført frå Helsedirektorat/HOD.
- Det resultatbaserte tilskotet vert ikkje betalt ut hausten 2018. Årsaka til dette er at studentane som er i gang, gir 100 % utbetaling etter tidlegare ordning. I tillegg har ikkje fagskulane produsert poeng under ny ordning.
- Tilskot vert betalt ut kvart halvår.

Overgangsordning – avviking av gamal ordning for helsefag

- I 2018 er den enkelte fylkeskommune sjølv ansvarleg for å betale ut fullt tilskot for studentar som allereie er i gang etter dei reglar og satsar som Helsedirektoratet har fastsett.
- Følgjande satsar vet nytta:
 - o Stadbasert – 81 000,-
 - o Nettbasert – 56 000,-
- I 2019 er det den fylkeskommunen som får grunn- og resultatbasert tilskot som har det fulle ansvar for å finansiere det tilbodet som er starta under gamal ordning. Bakgrunnen for dette er at KD vil justere om grunntilskotet mellom fylka basert på studiestadstilhøyre.

Vidare arbeid med tilskotsordninga

- Det vil arbeidast vidare med å vurdere differensierte satsar sjølv om tildelinga frå staten ikkje er basert på differensierte satsar (jf. også [Deloitte-rapport](#)).
- Tilskotsmodellen vil bli evaluert ut frå dei erfaringane som vert gjort i 2018.
- Frå 2019 vil dei 14 private fagskulane som før var finansiert direkte av KD, bli resultatutsett slik som dei andre fagskulane. Hausten 2018 må det vurderast kva satsar som skal gjelde for desse, eller om ein skal vidareføre grunntilskotet på dagens nivå.
- Finansieringa av naturbruk i noen fylke er ikkje blitt vidareført frå 2017 til 2018.

Fylkesrådmannen vil tilrå at Hordaland fylkeskommune følger FFU sitt forslag om prinsipp for tildeling av tilskot. Det vil vere eit gode å ha ei lik tilnærming på tvers av fylkeskommunane i høve til å stå fram som ein tydeleg og samla forvaltar av sektoren. Ved å følgje nokre like grunnprinsipp er det også enklare å evaluere og vidareutvikle forvaltningsarbeidet med fagskulesektoren.

FFU si tilråding er også i tråd med korleis KD forvaltar og fordelar tilskotet til fylkeskommunane ved at det vert lagt vekt på stabilitet og vidareføring, samt 80/20 finansiering.

Som nemnt over er det tilrådd ei stykkprisfinansiert ordning, men i det praktiske arbeidet med fordeling av tilskot vil det ofte vere høveleg å operere med grupper. Det vil seie at dersom ein t.d. gir tilskot til 15 studentar, så vert dette vidareført for denne gruppa i minst eitt år. Dette vil bidra til ein meir føreseieleg ordning både for tilbydarane og fylkeskommunane ved at ein alltid kan operere med eit gitt tal med grupper som er innanfor fylkeskommunen sin ramme. Fylkesrådmannen vil tilrå at ein baserer ordninga på stykkprisfinansiering med ein stabil gruppestørleik for tilbydarane.

Oppfølging og rapportering

Fylkeskommunane skal året etter å ha motteke tilskot til fagskuleutdanning rapportere om bruk av tilskotet og måloppnåing for sektoren innan 15. april. I tillegg skal fagskular som får offentleg støtte rapportere resultat for fagskuleverksemda til Database for høgere utdanning (DBH). Dette er til dømes revisorattestert rekneskapsrapport og årsrapport.

KD har sett følgjande mål for fagskulesektoren i samband med forvaltninga:

Mål: Høy kvalitet i fagskoleutdanning.

Fagskoleutdanning skal være av høy kvalitet og sikre gode vilkår for studentene. Det er potensial for å bedre kvaliteten i flere fagskoleutdanninger.

Mål: Yrkesrettet fagskoleutdanning.

Fagskulesektoren skal utdanne kandidater som kan gå rett inn i yrkeslivet, med den praktiske og teoretiske kunnskapen som det er behov for i det enkelte yrket. Vurderinger av relevansen i fagskoleutdanningene er derfor viktig.

Mål: God tilgang til fagskoleutdanning.

Regjeringen vil at fagskolene skal bli en større og viktigere del av det norske utdanningssystemet, og at en større del av studentene skal ta fagskoleutdanning.

Mål: Effektiv og solid fagskolesektor.

Mange av fagskolene er svært små, dette er lite heldig med tanke på faglig styrke og soliditet ved fagmiljøene. Kvalitet og robuste miljø handler også om administrativ kapasitet og kompetanse.

For at fylkeskommunen skal kunne rapportere om måloppnåinga, er det naudsynt å innhente informasjon frå dei tilbydarane som får tilskot. Det vil mellom anna vere nyttig å få tilsendt fagskulane sine student-, lærar- og sensorevalueringar som dannar grunnlag for fagskulane sine kvalitetssystem. Dette vil kunne gje fylkeskommunen god informasjon om kvaliteten på tilboda som fagskulane leverer. Tiltaka som er vedtatt i Regional plan for kompetanse og arbeidskraft i høve til fagskulesektoren, vil også bidra til at det vert henta inn informasjon om næringslivet sitt kompetansebehov. I planen er det bestemt at kompetansebehovet i Hordaland skal kartleggjast og at det skal gjennomførast kandidatundersøkingar med tidlegare studentar ved fagskulane for å få informasjon om kandidatane sin arbeidssituasjon etter utdanninga. Denne undersøkinga bør også omfatte kandidatar frå private fagskular som får offentleg tilskot.

Fordeling av tilskot hausten 2018

Hordaland fylkeskommune har over fylkesbudsjettet for 2018 vedteke ei ramme på kr 8 370 000,- til fagskuleutdanning innan helse- og sosialfag. Som nemnt tidlegare i saka kan fylkeskommunane nytte tilskotet til andre tilbod enn helsefag, men for å kunne følge opp KD sin premis om vidareføring av eksisterande tilbod er det ikkje mogleg å gje tilskot til andre fagområde innanfor ramma i 2018.

Av ramma for tilskot til fagskuleutdanning innan helsefag i 2018 er kr 5 885 000,- disponert gjennom tilbod oppretta tidlegare. Av dette skal kr 3 927 500,- betalast ut våren 2018, og kr 1 957 500,- er forventa utbetaling hausten 2018. Basert på dette er det kr 2 485 000,- til nye tilbod hausten 2018 (sjå tabell under).

Ramme 2018	8 370 000,-
Tilskot vår 2018 for tidlegare etablerte tilbod	3 927 500,-
Tilskot haust 2018 for tidlegare etablerte tilbod	1 957 500,-
Tilskot nye tilbod hausten 2018	2 485 000,-

Som ein ser av disponibelt tilskot til nye tilbod hausten 2018, er det ikkje særleg rom for å auke tilbodet, og det vil derfor i forslaget til fordeling bli lagt vekt på å vidareføre aktivitetsnivået Hordaland hadde i 2017.

Vidare er det teke utgangspunkt i satsen som er tilrådd av FFU – 81 000,- med ei 80/20 fordeling – og det vert føreslått at kvar gruppe er på 20 studentar. Fagskulane kan ta inn fleire enn 20 studentar til tilbodet, noko som mellom anna kan gje høgare studiepoengproduksjon. Fagskulane kan ikkje starte opp eit tilbod med færre enn 15 studentar utan at gruppestorleiken/finansieringa vert redusert, men dette føreset at andre tilbod ved den aktuelle fagskulen har høgare studenttal enn 20. Det vil seie at administrasjonen vil vurdere det totale tilbodet ved den einskilde fagskule i høve til tilbod som får offentleg støtte.

Det er fleire fordelar med å fordele tilskot basert på grupper. Ei gruppefordeling gjer ordninga føreseieleg frå år til år ved at den ramma ein har, i prinsippet alltid skal kunne dekkje det same talet på grupper som er under utdanning. I tillegg gjer det fagskulane mindre sårbar for fråfall og bidreg til at fagskulane i større grad kan arbeide med å sikre god kvalitet i utdanningane og utvikle robuste fagmiljø. Administrasjonen opplever at fagskulane i Hordaland som får offentleg tilskot arbeider godt med gjennomføring, men at helsefaga er sårbare for fråfall som ofte er utanfor fagskulen sin kontroll. Fleire fagskular har tidlegare meldt at mykje av fråfallet er på grunn av personlege årsaker hos studentane, og ofte vanskar med å kombinera studie og arbeid.

Berekening av kapasitet i ramma

For å vurdere kor mange grupper det er mogleg å starta opp hausten 2018 er det naudsynt å berekne langtidskonsekvensane av aktiviteten i 2018, og tabell 2 under syner dette.

Tabell 2. Kapasitetsutrekning

1.	Ramme - grunntilskot				
	H-2018	V-2019	H-2019	V-2020	H-2020
	2 485 000	2 804 000	2 804 000	2 804 000	2 804 000
2.	Grupper og kostnad				
	H-2018	V-2019	H-2019	V-2020	H-2020
	5	9	9	9	9
	1 620 000	2 916 000	2 916 000	2 916 000	2 916 000
3.	Resultat				
	865 000	-112 000	-112 000	-112 000	-112 000

I tabell 2 over er den resterande ramma til helsefagskuletilbod ført opp under H-2018, i kolonnane som syner semestra i 2019 og 2020 er det lagt inn forventa ramme på grunntilskotet etter at KD har justert i høve

til nasjonale tilbydarar. I kolonnane som syner tal på grupper, er det berre lagt inn nye grupper i kolonnen H-2018, medan det i kolonnane som syner semestra i 2019 og 2020, er lagt inn det totale talet på grupper det aktuelle budsjettåret.

Tabell 2 syner vidare at det ved å starte opp 5 grupper hausten 2018 vil vere kr 865 000,- til gode av ramma, medan det i 2019 vil vere eit meirforbruk på kr 224 000,-. Dette meirforbruket må dekkast av Hordaland fylkeskommune ved å omprioritere internt i fagskulesektoren, eller eventuelt ved å redusere aktiviteten hausten 2019.

I 2020 vil det vere same situasjon med eit forventta meirforbruk på kr 224 000,-.

Meirforbruket kan ein gjerne unngå dersom det vert gjeve tilskot til nye studentar hausten 2018 gjennom søknaden til KD. Som nemnt vil kapasiteten doblast i 2020, og det er mogleg å ikkje doble tilbodet tilsvarende, slik at ein på sikt kjem i balanse. Dersom KD ikkje løyver fleire studieplassar til Hordaland må ein redusere talet på grupper i 2020, eller fordele om tilskot mellom andre tilbod under Hordaland fylkeskommune.

Basert på kapasitetsberekninga over vil fylkesrådmannen tilrå at det vert starta opp 5 nye grupper hausten 2018. Fylkesrådmannen vil kome tilbake med ei sak som syner dei budsjettmessige konsekvensane av den nye tilskotsordninga under KD når administrasjonen har fått meir informasjon om faktisk tilskot til fagskuleutdanning i 2019.

Søknadar om nye tilbod hausten 2018

Det er fire tilbydarar som har søkt om tilskot til fagskuleutdanning med start hausten 2018, og til saman er det søkt om tilskot til 243 studentar eller 10 grupper.

Tabell 3. Søknader til fagskuleutdanning innan helsefag i Hordaland hausten 2018

Søknader til fagskuleutdanning innan helsefag hausten 2018							
Fagskule	Utdanningstilbod	Omfang	Søkjartal	Studenttal	Grupper	Stad	Kostnad
AOF Hordaland - Sogn og Fjordane					5		1 620 000
	Ernæring i pleie og omsorgstjenester	30	25	20		Bergen	
	Demensomsorg	30	13	20		Bergen	
	Psykisk helsearbeid	60	26	25		Bergen	
	Miljøarbeid i teneste for mennesker med utviklingshemming	60	19	20		Bergen	
	Miljøarbeid i teneste for mennesker med utviklingshemming	60	29	20		Stord	
Fagskolen i Hordaland					2		648 000
	Psykisk helsearbeid og rusarbeid	60	16	30		Bergen	
	Rehabilitering	60	8	30		Bergen	
Folkeuniversitetet Øst					2		648 000
	Psykiske lidelser og aldring hos personer med utviklingshemming	60	5	20		Bergen	
	Rehabilitering	60	1	20		Bergen	
Fagskolen aldring og helse					1		324 000
	Demensomsorg og alderspsykiatri	60	32	30		Bergen	
	Utviklingshemming og aldring	60		4		Tønsberg	
	Demensomsorg og alderspsykiatri	60		4		Tønsberg	
Sum				243	10		3 240 000

Tabell 3 syner at det til saman er søkt om tilskot på kr 3 240 000,- til nye tilbod hausten 2018. Som vist tidlegare er det berre kr 2 485 000,- disponibelt til nye tilbod. Kolonnen som syner kostnad er rekna ut frå kor mange grupper det er søkt tilskot for, ikkje kor mange studentar det er søkt tilskot for.

Forslag til fordeling av tilskot hausten 2018

Tabell 4. Forslag til fordeling av tilskot hausten 2018

Tilskot til fagskuleutdanning innan helsefag hausten 2018				Nye grupper	Totalt tal		
Fagskule	Utdanningstilbod	Omfang	Søkjartal	H-18	grupper V-19	Studiestad	Kostnad H-18
AOF Hordaland - Sogn og Fjordane							
	Ernæring i pleie og omsorgstjenester	30	25	0	0	Bergen	-
	Demensomsorg	30	13	1	1	Bergen	324 000
	Psykisk helsearbeid	60	26	1	2	Bergen	324 000
	Miljøarbeid i teneste for mennesker med utviklingshemming	60	19	0	0	Bergen	-
	Miljøarbeid i teneste for mennesker med utviklingshemming	60	29	1	2	Stord	324 000
Fagskolen i Hordaland							
	Psykisk helsearbeid og rusarbeid	60	16	1	2	Bergen	324 000
	Rehabilitering	60	8	1	1	Bergen	324 000
	Spesialreinhald og sterilforsyning	60		0	1	Bergen	-
Folkeuniversitetet Øst							
	Psykiske lidelser og aldring hos personer med utviklingshemming	60	5	0	0	Bergen	-
	Rehabilitering	60	1	0	0	Bergen	-
Fagskolen aldring og helse							
	Demensomsorg og alderspsykiatri	60	32	0	0	Bergen	-
	Utviklingshemming og aldring	60		0	0	Tønsberg	-
	Demensomsorg og alderspsykiatri	60		0	0	Tønsberg	-
Sum				5	9		1 620 000

Tabellen syner forslag til fordeling av tilskot til nye tilbod hausten 2018. Kolonnen «Nye grupper H-18» er berre nye studentar hausten 2018, medan kolonnen «Totalt tal grupper V-19» er både fyrste- og andreårsgrupper. Kolonnen med søkjartal syner talet på kvalifiserte søkjarar til no.

Kolonnen «Nye grupper H-18» i tabell 4 over syner at det er føreslått å gje tilskot til totalt 5 nye grupper hausten 2018, med ein kostnad på kr 1 620 000,-, og dette er i tråd med kapasitetsutrekninga vist tidlegare. Vidare vert det gjort greie for vurderingane som ligg til grunn for forslag til fordeling.

AOF Hordaland – Sogn og Fjordane

AOF har søkt om tilskot til 5 klassar; 4 i Bergen og 1 på Stord. Det er i tabell 4 føreslått å gje tilskot til 3 tilbod; Demensomsorg, Psykisk helsearbeid og «Miljøarbeid i teneste for mennesker med utviklingshemming» (Stord). Ved å gi AOF tilskot til 3 nye grupper vert prinsipp om vidareføring følgt. Skulen har i dag 5 grupper, der 3 av dei er ferdig denne våren. Ved å starte opp 3 nye grupper hausten 2018 vil det fortsatt vere 5 grupper gåande. AOF har allereie svært gode søkjartal, og er ein fagskule som har rullerande opptak. Skulen peiker i sin søknad på at det basert på egne erfaringar kjem fleire søkjarar igjennom sommaren.

Tilbodet Ernæring i pleie og tjenester har ikkje fått tilskot tidlegare, og sjølv om det er fleire søkjarar til dette tilbodet enn ved Demensomsorg, vert det føreslått å prioritere sistnemnde tilbod. Dette er uheldig mellom anna fordi Bergen kommune har reservert 15 plassar ved dette studiet, og er eit etterspurt tilbod i kommunen. Årsaka til at tilbodet likevel ikkje vert føreslått oppretta, er at skulen har fagkompetanse knytt til Demensomsorg i eksisterande tilbod som er ønskeleg å vidareføre i høve til prinsipp om stabilitet. AOF har høve til å flytte tilskotet mellom utdanningane med same omfang (i dette tilfellet 30 poeng) dersom søkjartala ikkje vert høge nok. Vidare er det søkt om ekstra midlar frå KD til Ernæring, og AOF vil kunne starte opp dette tilbodet dersom Hordaland fylkeskommune får tilskot til nye studentar ved denne utdanninga.

Vidare er det føreslått å gje tilskot til Miljøarbeid på Stord fordi det ikkje har vore gjennomført der tidlegare, og det er her det er flest søkjarar. AOF søker no om NOKUT-godkjenning for studiestad på Stord, og vil ettersende denne. Dersom studiestaden ikkje vert godkjent i tide, kan AOF starte opp tilbodet i Bergen.

Til slutt er det føreslått å gi tilskot til utdanninga Psykisk helsearbeid. Dette er eit tilbod som er ettertrakta blant søkjarar, og det er viktig kompetanseheving for kommunane, og er derfor føreslått vidareført.

Fagskolen i Hordaland

fagskulebygget. I saka vert det omtalt kva utdanningar som kan vere aktuelle i framtida, men dette er ikkje meint å vere bindande for styret eller fagskulen fordi det kan vere andre kompetansebehov som me ikkje kjenner i dag som kan få høgare prioritet i framtida. Det er styret for Fagskolen i Hordaland som er ansvarleg for det faglege tilbodet og kva tilbod som skal starta opp kvart år. Såleis er det også styret som har kompetanse til å gje fagskulen løyve til å søkje NOKUT om nye utdanningstilbod.

Avgrensing: Det vert ikkje lagt fram forslag til framtidig utdanningstilbod ved andre studiestader enn ved den framtidige hovudadministrasjonen på Laksevåg. Fagskulen på Laksevåg skal romme studiestadene som i dag ligg på Nordnes og på Nygård ved Bergen maritime videregående skole.

Dagens situasjon ved Fagskolen i Hordaland

Frå 1. januar 2018 vart som nemnt helsefagskulen slått saman med Fagskolen i Hordaland, og Hordaland fylkeskommune er såleis eigar av éin rein fagskule som ikkje har administrasjon eller leiing i kombinasjon med ein vidaregåande skule. I NOU 2014: 14 Fagskolen et attraktivt utdanningsvalg og Meld. St. 9 (2016-2017) Fagfolk for fremtiden vart det lagt vekt på å styrke fagskulane gjennom fusjonar for å skape meir robuste administrasjonar og faglege miljø. Vidare vart det også peika på behovet for ei tydeleg leiing ved fagskulane ved å skilje klart mellom leiing av vidaregåande skular og fagskular (spesielt ved kombinerte skular). Hordaland fylkeskommune si organisering av fagskulen er i tråd med dette.

Tabell 1. Studenttal ved Fagskolen i Hordaland pr 1. oktober 2017

Fagskolen i Hordaland	2017		
	Haust		
	Tal deltid	Tal studentar	Tal studentar (heiltidsekvivalent)
Austevoll	0	48	48
Hjeltnes	10	10	5
Nordnes	460	701	549,2
Nygård	0	176	176
Stord	0	25	25
Voss	45	62	47,15
Sum	515	1022	850,35

Tabell 1 syner oversikt over studenttalet hausten 2017 i høve til studentar på deltid, totalt tal på studentar og tal på heiltidsekvivalentar.

Tabell 1 over syner at det hausten 2017 var totalt 1022 studentar ved Fagskolen i Hordaland, og av desse var det 515 studentar på deltid. Vidare syner tabellen at det er 850,35 studentar ved fagskolen når talet er rekna i heiltid (heiltidsekvivalentar). Studentane fordelar seg på til saman 6 studiestader i Hordaland.

Tabell 2 under syner at Fagskolen i Hordaland til saman har 23 godkjende fagskuleutdanningar fordelt på 9 fagområde.

Tabell 2. Utdanningstilbod ved Fagskolen i Hordaland per 2018.

Fagområde	Utdanning	Godkjend utdanningsform
Bygg	Bygg Anlegg Klima, Energi og miljø (KEM) KEM med tak og fasade	Heiltid / Nettbasert med samlingar
Petroleum	Boring Havbunnsinstallasjonar	Heiltid
Prosess	Prosess	Heiltid / Nettbasert med samlingar
Maskin	Maskinteknikk Maskinteknikk med ISO CNC og robotteknologi	Heiltid / Nettbasert med samlingar
Elektro	Elkraft Automatisering	Heiltid / Nettbasert med samlingar
Maritim	Dekksoffiser Maskinoffiser	Heiltid
Helse	Psykisk helsearbeid og rusarbeid Rehabilitering Spesialreinhald og sterilforsyning Rus og avhengnadsproblematikk Psykisk helsearbeid Kreftomsorg	Deltid
Marine fag	Akvakultur	Heiltid / Nettbasert med samlingar
Grøne fag	Arborist	Deltid
Matfag	Lokal matkultur	Heiltid / Nettbasert med samlingar

Kompetansebehov og søkjartal

Det er stort behov for fagskuleutdanning både nasjonalt og regionalt i Hordaland, og interessa for fagskuleutdanning er aukande. NHO sitt kompetansebarometer¹ for 2017 syner at det blant NHO sine medlemsbedrifter er størst behov for personar med yrkesfagleg utdanning på vidaregåande nivå dei neste fem åra, og deretter fagskuleutdanning. Om lag 21 % av bedriftene svarte at dei hadde stort behov for fagskuleutdanna personell, og om lag 30 % svarte at dei har noko behov. Kompetansebarometeret syner vidare at det er størst behov innan *Naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag* og deretter *Økonomiske og administrative fag, Samferdsels- og tryggleiksfag og andre servicefag*.

I Meld. St. 9 (2016-2017) Fagfolk for fremtiden² går det fram at meldinga skal legge til rette for kvalitetsutvikling i fagskuleutdanningane og vekst i søkinga til fagskuleutdanning. Vidare seier meldinga at regjeringa meiner at norsk arbeids- og samfunnsliv har behov for fleire fagskuleutdanna, og at veksten i utdanningssystemet framover bør kome i fagskuleutdanningane framfor i Universitets- og høgskulesektoren. Til slutt vert det i meldinga peika på at regjeringa har ambisjonar om at fagskulen skal styrkast som utdanningsalternativ, og at studentveksten i fagskulen må sjåast i samheng med studenttilstrøyminga til universitet og høgskular. I samband med dette vart følgjande tiltak vedteke:

- Regjeringa vil leggje til rette for at fleire skal kunne ta fagskuleutdanning.

I Regional plan for kompetanse og arbeidskraft som vart vedteke i fylkestinget 03.10.2017 er det sett klåre mål for fagskulesektoren i Hordaland. Måla er som følgjer:

Hovudmål

Arbeidslivet sitt behov for spesialiserte fagutdanningar skal vere avgjerande for dimensjoneringa av utdanningstilboda på fagskulenivå

Delmål

- Auka fleksibilitet og evne til å snu seg etter skiftande kompetansebehov i regionen gjennom å opprette og leggje ned utdanningstilbod
- At fagskulane framstår som eit tydeleg skuleslag på tertiært nivå med klårt skilje frå vidaregåande utdanning
- Gode økonomiske føresetnader som sikrar moglegheiter for vekst i fagskuleutdanninga

Måla legg som vist mellom anna vekt på at arbeidslivet sitt behov skal vere avgjerande for dimensjoneringa av utdanningstilboda i fagskulen, og at fylkeskommunen må arbeide for økonomiske føresetnader som sikrar moglegheiter for vekst i fagskuleutdanninga. Dette vil også vere avhengig av at staten bidreg til auka finansiering i åra framover slik som er vedteke i stortingsmeldinga om fagskulesektoren.

Søkjartal ved Fagskolen i Hordaland

Søkjartala til Fagskolen i Hordaland har totalt sett auka kvart år dei siste åra. Tabell 3 under syner søkjartala og plasstalet ved Fagskolen i Hordaland våren 2017. Søkjartala er kvalifiserte primærsøklarar ; det vil seie at det er søklarar som er kvalifisert for inntak og som har den aktuelle utdanninga ved Fagskolen i Hordaland som fyrsteønskje. Dersom ein hadde rekna med ukvalifiserte søklarar og søklarar som har ei utdanning i Hordaland som andre eller tredje val, ville tala ha vore mykje høgare.

¹ <https://www.nho.no/siteassets/nhos-filer-og-bilder/filer-og-dokumenter/kompetanse-og-utdanning/kompetansebarometer/nhos-kompetansebarometer-2017.pdf>

² <https://www.regjeringen.no/contentassets/f34b56ba52454667a46049aa550b42bc/no/pdfs/stm201620170009000dddpdfs.pdf>

Tabell 3. Kvalifiserte primær søkerar våren 2017.

Utdanning	Kvalifiserte primær søkerar	Plassar
Anlegg (Deltid)	32	30
Automatisering (Heiltid)	47	30
Automatisering (Deltid)	34	30
Bygg (Heiltid)	48	35
Bygg (Deltid)	54	40
Elkraft (Heiltid)	89	60
Elkraft (Deltid)	101	30
KEM (Deltid)	40	35
Maskinteknikk (Heiltid)	76	30
Maskinteknikk (Deltid)	34	32
Prosess (Deltid)	45	35
Maskinoffiser (Heiltid)	45	30
Dekksøffiser (Heiltid)	95	60
Boring (Heiltid)	26	30
Havbunnsinstallasjonar (Heiltid)	9	15
Totalt	775	522

Tabell 3 syner at det var totalt 775 kvalifiserte primær søkerar på totalt 522 studie plassar ved Fagskolen i Hordaland våren 2017. Basert på dette var det totalt 253 søkerar som ikkje fekk tilbod om studie plass. Desse søkerane kan ha fått plass ved ein annan fagskule i landet, men dette har me ikkje oversikt over.

Dimensjonering av Fagskolen i Hordaland på Laksevåg i 2023

Med bakgrunn i skulen sin dialog med og kjennskap til regionalt næringsliv; søkjartalsutvikling og forventningar i kompetansebehovet i framtida, er det gjort ei berekning med utgangspunkt i planar for nye utdanningar og ein forventa auke i dagens tilbod. I fortsettinga vil dei einskilde fagområda ved fagskulen verte omtalt i høve til forventa situasjon i 2023, og til slutt vert det vist eit forslag til dimensjonering i 2023,.

Bygg

I dag er det 3 tilbod og 8 klassar innan fagområdet bygg. To av desse klassane er dag-klassar (heiltid), medan det er 6 nett-klassar (deltid). Utover dei 3 tilboda som fagskulen har i dag, er det søkt om eit nytt studium innan Klassisk bygningshandverk og restaurering. Fagskulen vil også på sikt utvikle eit tilbod innan bygg som rettar seg mot digitalisering av byggeprosessane (byggningsinformasjonsmodellering, BIM). Jamfør Regional plan for kompetanse og arbeidskraft er digitalisering og industri 4.0 ein sentral drivar for endring i samfunnet og arbeidsmarknaden, og Norge og Hordaland må rigge seg for å nytte dei moglegheitene dette gjev. I dette kan fagskulen vere ein sentral bidragsytar i høve til kompetanseheving innan digitalisering.

Fagskulen opplever også at anleggstilbodet som er på Voss i dag, har god søking og på sikt også kan verte gjeve i Bergen, slik at tilbodet vert tilbydd ved to studiestader. På bakgrunn av dette er det forventa at det i 2023 kan vere totalt 6 tilbod innan bygg med til saman 12 klassar og 300 studentar årleg. I tillegg skal det innan bygg søkjast om akkreditering for fagområde i 2018, og dette vil gje fagskulen moglegheit for sjølv å utvikle nye tilbod og studiestader utan å søkje NOKUT om akkreditering.

Petroleum og prosess

Dei siste åra har det vore ein dramatisk nedgang i søkjartal ved petroleumstilbodet (både ved fagskulen og ved den vidaregåande skulen), medan søkjartala til prosess har auka. I 2018 har søkjartala til petroleum

teke seg opp, og skulen ser for seg at det innan boring vil vere same kompetansebehov som før oljekrisa om nokre år. Årsaka til dette er at næringslivet stiller krav til denne kompetansen for å arbeide som borar og boresjef. IRIS³ har på vegner av Norsk olje og gass gjort ei berekning av tilsettingsbehovet fram til 2020, og dersom oljeprisen fortset å stige, eller ligg på eit lønsamt nivå, vil sektoren trenge 22 000 nye tilsette i denne tidsperioden.

Innan havbunn ser ein ikkje for seg at kompetansebehovet vil auke til same storleik som før, men det er her moglegheiter for å gjere endringar i denne utdanninga som følgjer den teknologiske utviklinga i næringa for å nå ut breiare.

Vidare ser skulen for seg at det kan vere aktuelt å tilby prosessutdanninga som eit heiltidstilbod annakvart år og eit nett-tilbod annakvart år. I dag er det berre tilbod på deltid ved prosessutdanninga. Dersom ein startar opp dag-tilbod annakvart år, vert det éin klasse meir enn i dag. På bakgrunn av dette vil det kunne vere 200 studentar fordelt på 3 tilbod og 8 klassar i 2023 innan petroleum og prosess.

Maskin

Innan maskin er det i dag 2 utdanningar med totalt 5 klassar. Hausten 2018 vil det starta opp eit nytt tilbod innan CNC og robotteknologi, og dette er lagt til i framskrivinga for 2023. Det er gode søkjartal innan maskin, og ein ser for seg at dette vil halde seg framover. På bakgrunn av dette er det forventa eit studenttal på om lag 175 fordelt på 3 tilbod og 7 klassar.

Elektro

Elektro er det største fagområdet fagskulen har i høve til studenttal og tal på klassar. Likevel er det berre to utdanningar innan elektro ved fagskulen i dag. Det er planlagt å søkje om fagområdeakkreditering innan elektro i 2018, og dersom NOKUT godkjenner dette, vil fagskulen kunne utvikle nye utdanningar innan elektro utan å søkje NOKUT. Dette vil gjere prosessen med å etablere nye utdanningar raskare. Det er planar om å utvikle tilbod innan alternativ energi, og med ei fagområdeakkreditering ser ein for seg at det også kan utviklast fleire utdanningar. Det er derfor føreslått at det vil vere 4 utdanningar innan elektro i 2023 med totalt 375 studentar og 15 klassar.

Maskinoffiser

Innan maskinoffiser er det ønskjeleg å utvikle eit nett-tilbod slik som ved andre utdanningar ved fagskulen. Tilbodet vil vere turnusbasert for å kunne tilpassast arbeid på båt eller skip. For å kunne utvikle nett-studium innan maritime fag må ein søkje Sjøfartsdirektoratet (S.dir) før ein søkjer NOKUT om godkjenning, og prosessen vil derfor ta noko tid. Ved maskinoffiser er det også ønskjeleg å utvikle eit nettbasert tilbod slik som ved dekksoffiser. Fagskulen ønskjer allereie no å søkje S.dir om nett-studium for å kunne søkje NOKUT om godkjenning. Basert på dette ser ein for seg at det i 2023 vil vere 125 studentar fordelt på 5 klassar.

Dekkssoffiser

Innan dekksoffiser er det også ønskjeleg å utvikle eit nett-tilbod for å tilby utdanning til personar som ønskjer å kombinere arbeid og studium, og med bakgrunn i dette ser ein for seg at det i 2023 vil vere 125 studentar fordelt på 5 klassar.

Helse

Innan helsefag er det i dag 6 fagskuleutdanningar. Interesse for helsefagskuletilboda blant studentar og kommunar er aukande, og etter samanslåinga av Hordaland helsefagskole og Fagskolen i Hordaland er det også gode moglegheiter for teknologiske helsefagskuleutdanningar. På bakgrunn av dette ser ein for seg at

³ International Research Institute of Stavanger (IRIS) <http://www.iris.no/publications/414551636/2016-029>

det i 2023 vil vere 8 helsefagskuletilbod med totalt 200 studentar fordelt på 8 klassar. Pr d.d. er alle tilboda innan helsefag deltidsutdanningar på 60 fagskulepoeng, men det er på sikt ønskjeleg å utvikle to-årige tilbod (120 fagskulepoeng) på heiltid.

Havromsteknologi (marine fag)

Innan havrom er det i dag eit tilbod innan Akvakultur, men dette har ikkje vore aktivt på fleire år på grunn av for låge søkjartal. Fagskulen skal i gang med eit forprosjekt for å vurdere kva tilbod som kan vere aktuelt å utvikle innan havromsteknologi, til dømes oppdrett, havbruk og utvinning av næring/mineraler. Hordaland har eit stort næringsliv innan oppdrett og havbruk, og det vert derfor føreslått at ein i framtida vil ha 3 utdanningar innan dette fagområdet med totalt 100 studentar og 4 klassar.

Kortare utdanningar

Utdanningane ved fagskulen i dag er enten 60 eller 120 fagskulepoeng i omfang, men det er også mogleg å utvikle tilbod som er 30 fagskulepoeng i omfang. Det kan vere interessant for næringslivet å kunne velje mellom kortare utdanningar som seinare kan kombinerast med lengre utdanningar. Til dømes kan ein tilby nokre emne frå ei anna utdanning slik at ein kan få kompetanseheving på kortare tid. Fagskulen kan såleis tilpasse kortare utdanningar etter arbeidslivet sitt behov, og spesielt innan bygg og elkraft når skulen har fått akkreditering for desse fagområda. Dersom skulen utviklar fleire kortare utdanningar kan desse alternerast frå år til år, og ein ser for seg at skulen kan ha 100 studentar i året fordelt på 4 klassar. Tilboda vil vere deltidsutdanningar.

Kurs og utdanningssenter

Ved sida av forslag til dimensjonering av fagskuletilboda vert det føreslått 4 klassar, eller rom, til kurs og opplæringscenter. Fagskulen har stort potensiale for kursverksemd i høve til den kompetansen og det utstyret fagskulen har. Til dømes vil det vere aktuelt å tilby ulike STCW-kurs, offshore-kurs, industrikurs, sertifiseringskurs innan elektro og leiarkurs. Dette er kurs som kan kome arbeidslivet til gode, samtidig som at det er eit viktig bidrag til fagmiljøet ved fagskulen.

Forslag til dimensjonering i 2023

Basert på omtalen av fagområda over vert følgjande framtidig dimensjonering ved Laksevåg i 2023 føreslått:

Tabell 4. Dagens tal på studentar og tilbod, samt forventa tal på studentar og tilbod i 2023.

Fagområde	2017				2023				
	Studenttal	Heiltidsek.	Tilbod	Klassar	Studenttal	Tilbod	Klassar	Klasser deltid	Heiltid
Bygg	221	165,56	3	8	300	6	12	6	6
Petroleum og prosess	125	105,53	3	6	200	3	8	3	5
Maskin	129	105,57	2	5	175	3	7	3	4
Elektro	292	238,54	2	11	375	4	15	9	6
Maskinoffiser	58	58	1	2	125	1	5	3	2
Dekksoffiser	52	52	1	2	125	1	5	3	2
Helse	69	34,5	7	4	200	8	8	6	2
Havromsteknologi	0	0	1	0	100	3	4	2	2
Kortere utdanningar (30 stp)	0	0	0	0	100	4	4	4	0
Kurs og utdanningssenter							4	4	
Sum	946	759,7	20	38	1700	33	72	43	29

Tabell 4 over syner ei oversikt over dei fagområda som skulen har i dag og kva fagområde ein ser for seg at skulen kan ha i 2023. I kolonnen «Studenttal» ser ein talet på studentar, medan kolonnen med heiltidsekivalentar syner talet på studentar rekna i 100 % studiebelastning. Kolonnen med «Tilbod» syner talet utdanningar innan det aktuelle fagområdet som studenttalet fordelar seg på, og kolonnen «Klassar» syner kor mange klassar med studentar det er totalt innan det einkilde fagområde. I tillegg er det i framskrivinga til 2023 vist ein kolonne for kor mange av klassane som er tenkt som deltidsklassar og kor

mange klassar som kan vere heiltid (dei grå kolonnane). Talet på klassar som er heiltid og deltid er avgjerande for kor mange klasserom som må byggjast.

Studenttalet er berekna ut frå at fagskulen i snitt vil ha 25 studentar i kvar klasse. Det er ønskeleg å ha om lag 30 studentar i éin klasse, og ein kan gjerne ha 40 studentar i éin nett-klasse, men fordi det er varierende søkjartal til dei ulike utdanningane, og på grunn av fråfall mellom studieåra, er det i dag om lag 25 studentar i snitt i kvar klasse (jf. studenttala hausten 2017).

I framskrivinga er det ikkje rekna ut heiltidsekvivalentar i tabellen fordi det er ulik studiebelastning ved deltidstilboda. Dei fleste deltidstilboda innan tekniske fag har ein studiebelastning på 67 %, medan alle tilboda innan helsefag har ei studiebelastning på 50 %. Dette kan også endre seg i framtida, og det vert derfor enklare å vise det totale forventa studenttalet og kor mange klassar ein ser for seg på heiltid og deltid. Likevel kan ein - basert på forholdstalet mellom studenttalet og heiltidsekvivalentar i 2017 – rekne med at det vil vere om lag 20 % færre heiltidsekvivalentar enn det er studentar. Basert på studenttalet i 2023 på 1700, vil ein 20 % reduksjon utgjere om lag 1350 heiltidsekvivalentar.

Som tabell 4 syner, er det per i dag om lag 950 studentar ved studiestadene Nygård og Nordnes. Dette utgjør om lag 750 heiltidsekvivalentar. Til saman er det 20 aktive utdanningar ved studiestadene og totalt 38 klassar. Av dei 38 klassane er det 22 deltidsklassar, men dette er ikkje vist i tabellen. I 2023 ser ein som nemnt for seg at det kan vere 1700 studentar, eller 1350 heiltidsekvivalentar, ved Fagskolen i Hordaland på Laksevåg fordelt på 33 tilbod og 72 klassar. Av dei 72 klassane er det forventa at 43 klassar vil vere deltid, medan 29 klassar vil vere heiltid, såleis vil ikkje alle dei 72 klassane eller dei 1700 studentane vere på skulen heile tida til same tid. Med auken i studenttal som er føreslått, vert det samla studenttalet om lag 80 % høgare enn i dag.

Summert er det nesten ei dobling av dagens studenttal i Bergen som er føreslått på Laksevåg i 2023. Som nemnt tidlegare er det dagens areal ved Fagskolen i Hordaland og Bergen maritime vidaregåande skule som danner grunnlaget for arealberekninga ved Laksevåg i 2023. Dagens areal er som nemnt ikkje arealeffektivt, og ein ser for seg at det same arealet i eit nybygg vil romme fleire studentar. Ein må likevel vurdera arealbehovet på nytt ved Laksevåg dersom den tilrådde auken i studenttal vert bestemt.



Arkivnr: 2015/11453-129
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Styret for fagskolen i Hordaland	19/18	08.05.2018

Tilbudsstruktur for Fagskolen i Hordaland 2018/19

Samandrag

I denne saka vert det lagt fram forslag til tilbudsstruktur for skuleåret 2018/19 basert på søkjartal og disponibel budsjettramme. Ramma for 2018 er på kr 95 158 250,-. Satsen for dei tekniske og maritime studentane er sett til kr 95 000,- dette skuleåret. Sats for helsefagskuletilbodet og nye studieplasser frå Kunnskapsdepartementet har andre satsar.

Det er totalt føreslått å ta inn 675 nye studentar hausten 2018, eller 540,17 heiltidsekvivalentar. Totalt er det forventa å vere om lag 1013 heiltidsekvivalente studentar ved fagskolen i skuleåret 2018/19. Dette er ein auke frå året før, der det var rekna ut å vere om lag 966 heiltidsekvivalentar. Det er til saman om lag 997 søkjarar til fagskolen denne våren, og basert på dette vil om lag 322 søkjarar verte gjeve avslag på søknad om opptak ved Fagskolen i Hordaland.

Forslag til vedtak

Følgjande tilbudsstruktur vert vedteke for Fagskolen i Hordaland skuleåret 2018/19:

691	Fagskolen i Hordaland	vektning	Student- tal 1. år	Heilårsek vivalentar 1 år	2. år heiltid	2. år nett	3. år nett	Sum Total	søklarar 1. år	avslag (-) / restplassar (+)	Budsjett
Nordnes	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N	0,67	35,00	23,33	-	19,33	16,67	59,33	58,00	-23	5 636 666,67
	KEM /Tak og fasade FTB03N	0,67	-	-	-	-	-	-	0,00	0	-
	Bygg FTB01H	1,00	30,00	30,00	30,00	-	-	60,00	49,00	-19	5 700 000,00
	Bygg FTB01N	0,67	60,00	40,00	-	20,00	20,00	80,00	85,00	-25	7 600 000,00
	Automatisering FTE01H	1,00	30,00	30,00	16,00	-	-	46,00	50,00	-20	4 370 000,00
	Automatisering FTE01N	0,67	35,00	23,45	-	14,74	9,38	47,57	56,00	-21	4 519 150,00
	Elkraft FTE03H	1,00	30,00	30,00	49,00	-	-	79,00	68,00	-38	7 505 000,00
	Elkraft FTE03N	0,67	40,00	26,80	-	20,77	26,13	73,70	107,00	-67	7 001 500,00
	Maskinteknikk FTT04H	1,00	30,00	30,00	28,00	-	-	58,00	52,00	-22	5 510 000,00
	Maskinteknikk FTT04N	0,67	40,00	26,80	-	12,73	18,09	57,62	55,00	-15	5 473 900,00
	Maskinteknikk med ISO FTT11N	0,67	-	-	-	-	-	-	0,00	0	-
	Prosessteknikk FTK01H	1,00	-	-	-	-	-	-	0,00	0	-
	Prosessteknikk FTK01N	0,67	30,00	20,10	-	10,72	12,06	42,88	55,00	-25	4 073 600,00
	CNC og robotteknologi	1,00	25,00	25,00	-	-	-	25,00	8,00	17	2 375 000,00
	Psykisk helsearbeid og rusarbeid	0,50	30,00	15,00	-	11,50	-	26,50	51,00	-21	1 903 500,00
	Rehabilitering	0,50	25,00	12,50	-	-	-	12,50	18,00	7	810 000,00
	Spesialreinhold	0,50	-	-	-	8,50	-	8,50	0,00	0	688 500,00
Stord	Maskinteknikk FTT04H	1,00	-	-	24,00	-	-	24,00	0,00	0	2 280 000,00
	Elkraft FTE03H	1,00	30,00	30,00	-	-	-	30,00	26,00	4	2 850 000,00
Nygård	Maskinoffiser FTM02H	1,00	30,00	30,00	22,00	-	-	52,00	55,00	-25	4 940 000,00
	Dekksoffiser FTM01H	1,00	30,00	30,00	23,00	-	-	53,00	76,00	-46	5 035 000,00
	Boring FTP01H	1,00	40,00	40,00	21,00	-	-	61,00	24,00	16	5 795 000,00
	Havbunnsinstallasjoner FTP04H	1,00	-	-	-	-	-	-	9,00	-9	-
Austevoll	Dekksoffiser FTM01H	1,00	30,00	30,00	23,00	-	-	53,00	23,00	7	5 035 000,00
Hjeltnes	Arborist FPS01D	0,50	18,00	9,00	-	-	-	9,00	16,00	2	855 000,00
	Lokal matkultur	0,67	25,00	16,75	-	-	-	16,75	13,00	12	1 591 250,00
Voss	Anlegg FTB02H	1,00	-	-	-	-	-	-	0,00	0	-
	Anlegg FTB02N	0,67	32,00	21,44	-	16,08	-	37,52	43,00	-11	3 564 400,00
	Totalt		675,00	540,17	236,00	134,37	102,33	1 012,87	997,00	-322,00	95 112 466,67

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæringLinda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 24.04.2018

I denne saka vert det lagt fram forslag til tilbudsstruktur for skuleåret 2018/19 basert på søkjartal og disponibel budsjetttramme.

Gjennom fylkesbudsjettet er Fagskolen i Hordaland tildelt følgjande ramme i 2018:

Ramme HFK	93 619 000
Statleg tilskot	- 81 999 000
HFK	- 11 620 000

I tillegg til ramma gjeve gjennom fylkesbudsjettet i 2018, har fagskolen inntekter til helsefagskuletilboda, jfr. vedtak i Utval for opplæring og helse 17.04.2018, samt tilskot til nye studieplasser etter søknad til Kunnskapsdepartementet (KD). Fagskolen har også innanfor ramma i fylkesbudsjettet fått eit tilskot på 2 mill. frå fylkeskommunen til sikkerheitskurs for maritime utdanningar. Tilskotet til sikkerheitskurset er ei styrking, og dersom kostnadene til kurset vert høgare, må fagskolen dekkje dette sjølv. Basert på dette har Fagskolen i Hordaland følgjande ramme til fordeling av studieplassar for skuleåret 2018/19:

Ramme	95 158 250
Helsefag	- 2 814 750
Tekniske fag	- 93 619 000,00
Ekstra plasser	- 724 500
Sikkerheitskurs	2 000 000

Tilskotet til helsefag fordeler seg på eksisterande studentar etter ein sats på kr 81 000,- (sats for heiltidsekvivalent), og til 40 nye studentar (to grupper) med ein sats på kr 64 800,- (80 % av sats for heiltidsekvivalent), eller ein gruppesats på kr 324 000,- (80 %). Av dei eksisterande studentane vil fagskolen kunne få redusert tilskot ved fråfall, fordi dette tilskotet følgjer gamal ordning med teljing av studentar vår og haust. For dei nye studentane vert det gjeve som eit grunntilskot (80 %) til ei gruppe, og eventuelt fråfall vil sjåast i samanheng med det resultatbaserte tilskotet (20 %).

I tilskotet til tekniske fag er det også gjeve tilskot til 21 nye studieplassar til CNC og robotteknologi etter søknad til KD. Tilskotet er basert på haustverknaden av ein sats på kr 69 000,- (80 %).

Forslag til tilbudsstruktur for Fagskolen i Hordaland for skuleåret 2018/19

Vidare følgjer ein tabell med overordna struktur for Fagskolen i Hordaland for skuleåret 2018/19, og deretter vert den einskilde studiestaden og tilboda som er føreslått oppretta/ikkje oppretta omtalt.

Satsen for dei tekniske og maritime studentane er sett til kr 95 000,- dette skuleåret. Dette er ei endring frå mellombels tilbudsstruktur som vart vedtatt i november 2017, då satsen var sett til kr 92 500,-. Årsaka til auken er justeringa i ramma som vist over.

Tabell 1. Overordna struktur fordelt på studiestader

691	OPPSUMMERT	vektning	Student- tal 1. år	Heilårsek vivalentar 1 år	2. År heiltid	2. år nett	3. år nett	Sum Total	søklarar 1. år	avslag (-) / restplassar (+)	Budsjett
	Nordnes		440,00	332,98	123,00	118,29	102,33	676,60	712,00	-272,00	63 166 816,67
	Stord		30,00	30,00	24,00	-	-	54,00	26,00	4,00	5 130 000,00
	Nygård		100,00	100,00	66,00	-	-	166,00	164,00	-64,00	15 770 000,00
	Austevoll		30,00	30,00	23,00	-	-	53,00	23,00	7,00	5 035 000,00
	Hjeltnes		43,00	25,75	-	-	-	25,75	29,00	14,00	2 446 250,00
	Voss		32,00	21,44	-	16,08	-	37,52	43,00	-11,00	3 564 400,00
	Fagskolen i Hordaland		675,00	540,17	236,00	134,37	102,33	1 012,87	997,00	-322,00	95 112 466,67

Tabell 1 over syner at det totalt er føreslått å ta inn 675 nye studentar hausten 2018, eller 540,17 heiltidsekvivalentar. Totalt er det såleis forventa å vere om lag 1013 heiltidsekvivalente studentar ved fagskulen i skuleåret 2018/19. Dette er ein auke frå året før, der det var rekna ut å vere om lag 966 heiltidsekvivalentar. I kolonnen «Søkjarar 1. år» ser ein at det til saman er om lag 997 søkjarar til fagskulen denne varen. Basert på dette vil om lag 322 søkjarar verte gjeve avslag på søknad om opptak ved Fagskulen i Hordaland. Søkjartala er ikkje heilt nøyaktige i høve til kvalifiserte søkjarar, fordi søkjarane ikkje er ferdig poengberekna og vurdert i høve til opptakskrav. Ved tilbod som har lite søkjarar, har fagskulen gjort ei vurdering av om søkjarane er kvalifiserte, slik at det vert nytta mest mogleg realistiske søkjartal i vurderinga av om tilboda skal starte opp.

I tabellane under er endringar i høve til mellombels tilbodsstruktur i november 2017 markert med blått.

Tabell 2. Studiestad Nordnes

691	Fagskulen i Hordaland	vektning	Student- tal 1. år	Heilårsek- vivalentar 1 år	2. år heiltid	2. år nett	3. år nett	Sum Total	søkjarar 1. år	avslag (-) / restplassar (+)	Budsjett
Nordnes	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N	0,67	35,00	23,33	-	19,33	16,67	59,33	58,00	-23	5 636 666,67
	KEM /Tak og fasade FTB03N	0,67	-	-	-	-	-	-	0,00	0	-
	Bygg FTB01H	1,00	30,00	30,00	30,00	-	-	60,00	49,00	-19	5 700 000,00
	Bygg FTB01N	0,67	60,00	40,00	-	20,00	20,00	80,00	85,00	-25	7 600 000,00
	Automatisering FTE01H	1,00	30,00	30,00	16,00	-	-	46,00	50,00	-20	4 370 000,00
	Automatisering FTE01N	0,67	35,00	23,45	-	14,74	9,38	47,57	56,00	-21	4 519 150,00
	Elkraft FTE03H	1,00	30,00	30,00	49,00	-	-	79,00	68,00	-38	7 505 000,00
	Elkraft FTE03N	0,67	40,00	26,80	-	20,77	26,13	73,70	107,00	-67	7 001 500,00
	Maskinteknikk FTT04H	1,00	30,00	30,00	28,00	-	-	58,00	52,00	-22	5 510 000,00
	Maskinteknikk FTT04N	0,67	40,00	26,80	-	12,73	18,09	57,62	55,00	-15	5 473 900,00
	Maskinteknikk med ISO FTT11N	0,67	-	-	-	-	-	-	0,00	0	-
	Prosessteknikk FTK01H	1,00	-	-	-	-	-	-	0,00	0	-
	Prosessteknikk FTK01N	0,67	30,00	20,10	-	10,72	12,06	42,88	55,00	-25	4 073 600,00
	CNC og robotteknologi	1,00	25,00	25,00	-	-	-	25,00	8,00	17	2 375 000,00
	Psykisk helsearbeid og rusarbeid	0,50	30,00	15,00	-	11,50	-	26,50	51,00	-21	1 903 500,00
	Rehabilitering	0,50	25,00	12,50	-	-	-	12,50	18,00	7	810 000,00
	Spesialreinhold	0,50	-	-	-	8,50	-	8,50	0,00	0	688 500,00

Ved studiestad Nordnes er opptakstala justert opp for tilboda KEM nett, Bygg nett, Automatisering nett og Psykisk helsearbeid og rusarbeid.

Ved tilbodet Bygg nett er det svært høge søkjartal i år, og det vert derfor føreslått å starte to klassar til hausten. Ved dei andre tilboda markert med blått er det justert opp med 5 studentar på grunn av gode søkjartal og rom i ramma.

Ved tilbodet Psykisk helsearbeid og rusarbeid er det også auka med 5 studentar, og dette vert dekt av den totale ramma. På grunn av årsberekninga som går over to budsjettår stemmer ikkje budsjettsummane heilt med summen på tilskot til helsefagskuletilbodet vist tidlegare i saka, men tilbodet er likevel innafor budsjett. Årsaka til dette er mellom anna at tilbodet Rehabilitering er lagt inn som ein årsverknad i tilbodsstrukturen, medan tilskotet som er rekna ut for 2018, er ein haustverknad. I tillegg er det lagt inn kostnaden ved 25 og 30 nye helsefagskulestudentar, medan det berre er tilskot til 40 studentar totalt frå OPHE.

Det nye tilbodet CNC og robotteknologi har berre 8 kvalifiserte søkjarar per no, men det er ønskeleg å arbeide for å rekruttere fleire søkjarar fram til hausten, slik at ein får ein klasse på 20 – 25 studentar. Tilbodet har fått ein god del positiv respons når det har vore annonsert, men skulen ser at det er vanskeleg å finne fram til studiet gjennom vigo.no. Mange av søkjarane til maskinteknikk er også kvalifisert for opptak ved CNC, og skulen vil informere dei som ikkje får opptak ved maskinlina, om at det er ledige plasser innan CNC.

Tilbodet Klassisk bygningshandverk og restaurering er teke ut av tabellen. Tilbodet har ikkje fått tilskot av KD til å starte opp, og det er heller ikkje NOKUT-godkjent per i dag.

Tabell 3. Studiestad Stord

691	Fagskolen i Hordaland	vektning	Student- tal 1. år	Heilårsek vivalentar 1 år	2. år heiltid	2. år nett	3. år nett	Sum Total	søklarar 1. år	avslag (-) / restplassar (+)	Budsjett
Stord	Maskinteknikk FTT04H	1,00	-	-	24,00	-	-	24,00	0,00	0	2 280 000,00
	Elkraft FTE03H	1,00	30,00	30,00	-	-	-	30,00	26,00	4	2 850 000,00

Ved studiestaden Stord er det ikkje føreslått endringar. Det er på dette tidspunkt 26 kvalifiserte søklarar, og det er moglegheit for å ta opp 4 studentar til før studiestart. Fagskolen vil marknadsføre ledige studieplassar i Sunnhordland.

Tabell 4. Studiestad Nygård

691	Fagskolen i Hordaland	vektning	Student- tal 1. år	Heilårsek vivalentar 1 år	2. år heiltid	2. år nett	3. år nett	Sum Total	søklarar 1. år	avslag (-) / restplassar (+)	Budsjett
Nygård	Maskinoffiser FTM02H	1,00	30,00	30,00	22,00	-	-	52,00	55,00	-25	4 940 000,00
	Dekksoffiser FTM01H	1,00	30,00	30,00	23,00	-	-	53,00	76,00	-46	5 035 000,00
	Boring FTP01H	1,00	40,00	40,00	21,00	-	-	61,00	24,00	16	5 795 000,00
	Havbunnsinstallasjoner FTP04H	1,00	-	-	-	-	-	-	9,00	-9	-

Ved dei to maritime utdanningane er det gode søkjartal. Dekksoffiser har 76 søklarar (ikkje ferdig poengberekna), men berre 30 plassar. Det er ikkje ønskjeleg at dei maritime klassane skal vere større enn 30 studentar. Dei som har søkt på dekksoffiser i Bergen, har ofte søkt Austevoll som andre-prioritet, og der er det kapasitet til nokre fleire studentar.

Ved studiestaden Nygård er det føreslått ei endring i høve til dei to petroleumstekniske utdanningane. Det var i mellombels tilbudsstruktur frå november 2017 føreslått 30 plassar ved kvart av tilboda, men på grunn av låge søkjartal ved havbunnsutdanninga er det føreslått å berre starte opp éin klasse med 40 plassar ved tilbodet Boring, og ingen på havbunn. Dei som har søkt havbunn, kan få tilbod om å følgje boreutdanninga i dei emna som overlappar, og så få eiga undervisning i dei emna som er særskilt for havbunn. Fagskolen vil lyse ut ledige plassar fram til skulestart for å fylle opp klassen. Søkjartala som kjem fram av tabell 4 ved dei to petroleumstekniske utdanningane, er kvalifiserte søklarar.

Tabell 5. Studiestad Austevoll

691	Fagskolen i Hordaland	vektning	Student- tal 1. år	Heilårsek vivalentar 1 år	2. år heiltid	2. år nett	3. år nett	Sum Total	søklarar 1. år	avslag (-) / restplassar (+)	Budsjett
Austevoll	Dekksoffiser FTM01H	1,00	30,00	30,00	23,00	-	-	53,00	23,00	7	5 035 000,00

Ved studiestaden Austevoll er det 23 søklarar til 30 plassar, men som nemnt over vil ofte søklarar som ikkje får plass i Bergen, takke ja til ein plass i Austevoll, og det er derfor forventat at tilbodet vil bli fullt.

Tabell 6. Studiestad Hjeltnes

691	Fagskolen i Hordaland	vektning	Student- tal 1. år	Heilårsek vivalentar 1 år	2. år heiltid	2. år nett	3. år nett	Sum Total	søklarar 1. år	avslag (-) / restplassar (+)	Budsjett
Hjeltnes	Arborist FPS01D	0,50	18,00	9,00	-	-	-	9,00	16,00	2	855 000,00
	Lokal matkultur	0,67	25,00	16,75	-	-	-	16,75	13,00	12	1 591 250,00

Ved Hjeltnes er det per i dag 16 søklarar til Arborist, og 13 søklarar til Lokal matkultur. Arborist er føreslått oppretta med 18 studentar, og det vil verte lyst ut ledige plassar fram til studiestart.

Ved tilbodet Lokal matkultur var det søkt KD om midlar til nye studieplassar. Hordaland fylkeskommune fekk ikkje så mange studieplassar som det var søkt om, og i tillegg var det berre tekniske og helsefaglege utdanningar som kunne prioriterast når tildelinga frå KD var klar. Likevel er det ønskjeleg å starte opp tilbodet, og det er rom innanfor ramma til fagskolen til 25 plassar (oppheveleg var det føreslått 30 plassar i november 2017). Det er som nemnt berre 13 søklarar til dette tilbodet, men skulen vil arbeide med å rekruttere fleire fram til skulestart.

Tabell 7. studiestad Voss

691	Fagskolen i Hordaland	veking	Student- tal 1. år	Heilårsek vivalentar 1 år	2. år heiltid	2. år nett	3. år nett	Sum Total	søklarar 1. år	avslag (-) / restplassar (+)	Budsjett
Voss	Anlegg FTB02H	1,00	-	-	-	-	-	-	0,00	0	-
	Anlegg FTB02N	0,67	32,00	21,44	-	16,08	-	37,52	43,00	-11	3 564 400,00

Ved studiestaden Voss er det svært gode søkjartal til nett-tilbodet i år (søklarane er ikkje endeleg poengberekna), og det er føreslått å auke det opphavelige klassetalet med to studentar i høve til mellombels tilbodsstruktur frå november 2017.



Arkivnr: 2015/11453-130
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Styret for fagskolen i Hordaland	20/18	08.05.2018

Revidert budsjett 2018

Samandrag

I styremøte 06.04.2018 vart fagskolen beden om å leggje fram revidert budsjett til handsaming.

Forslag til vedtak

Styret for Fagskolen i Hordaland vedtek revidert budsjett for 2018 som følgjer:

Art	Prosjekt	Budsjettbeløp
Faste stillingar, kommunalt avtaleverk		4655000
Fast løn, lærarar		69471000
Kontor- og datarekvisita		500000
Abonnement/faglitteratur, inklusiv lyd bøker og videogram		150000
Undervisningsmateriell		500000
Aviser/tidsskrift		50000
Beverting/matvarer		500000
Reinhaldsrekvisita		50000
Papir og plast		50000
Velferdstiltak, kantinetenester		110000
Ekskursjoner		30000
Gåver til tilsette		20000
POST, BANKTENESTER, TELEFON		300000
ANNONSE, REKLAME, INFORMASJON		450000
Opplæring og kurs		280000
Bilgodtgjersle, oppgåvepliktig		250000
Reiseutgifter, ikkje oppgåvepliktig		600000
Energi		2000000
AVGIFTER, GEBYR, LIENSAR OG LIKNANDE		500000
Kjøp av bøker til bibliotek		30000
Inventar og utstyr		550000
Utstyr Kjøp/Leasing		5965000

Tekniske installasjonar		2000000
Reinhaldsavtaler		200000
Kjøpte tenester		4995000
Fast løn, lærarar	Mesterutd	830000
Kjøpte tenester	Mesterutd	110000
Andre inntekter/eigenbet		-210400
Kurs		-200000
Refusjon frå staten		-82000000
Drift		-12735600
Sum		0

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 21.04.2018

I styremøte 06.04.2018 vart fagskulen beden om å leggje fram revidert budsjett til handsaming.

Årsbudsjett for Fagskolen i Hordaland 2018

Art	Prosjekt	Budsjettbeløp
Faste stillingar, kommunalt avtaleverk		4655000
Fast løn, lærarar		69471000
Kontor- og datarekvisita		500000
Abonnement/faglitteratur, inklusiv lydbøker og videogram		150000
Undervisningsmateriell		500000
Aviser/tidsskrift		50000
Beverting/matvarer		500000
Reinhaldsrekvisita		50000
Papir og plast		50000
Velferdstiltak, kantinetenester		110000
Ekskursjoner		30000
Gåver til tilsette		20000
POST, BANKTENESTER, TELEFON		300000
ANNONSE, REKLAME, INFORMASJON		450000
Opplæring og kurs		280000
Bilgodtgjersle, oppgåvepliktig		250000
Reiseutgifter, ikkje oppgåvepliktig		600000
Energi		2000000
AVGIFTER, GEBYR, LISENSAR OG LIKNANDE		500000
Kjøp av bøker til bibliotek		30000
Inventar og utstyr		550000
Utstyr Kjøp/Leasing		5965000
Tekniske installasjonar		2000000
Reinhaldsavtaler		200000
Kjøpte tenester		4995000
Fast løn, lærarar	Mesterutd	830000
Kjøpte tenester	Mesterutd	110000
Andre inntekter/eigenbet		-210400
Kurs		-200000
Refusjon frå staten		-82000000
Drift		-12735600
Sum		0

Av budsjettet går det fram at fagskolen samanlagt har forventa inntekter på kr 95 146 000,- og at budsjettet vil gå i balanse.